



# BARNETURNSTEMNE

24. – 26. APRIL 2020 – STRYN TURN



## INVITASJON TIL BARNETURNSTEMNE 2020

Stryn Turn har gleden av å invitere til barneturnstemne for Sogn og Fjordane den 24. – 26. april 2020.

Stemnet vil gå over 2 dagar, med oppvisning laurdag og søndag. Vi håpar på ei fin helg i Stryn med turngrupper frå heile fylket!

Under BTS2019 vart vi utfordra av kretsen til å tenkje nytt ang gjennomføring av oppvisningane. Dette for å redusere oppvisningstida og gjere det meir publikumsvenleg. Stryn Turn har difor bestemt at på det komande barneturnstemne vil vi ha oppvisningar med ulike tema, der alle aldrar frå same lag/turngruppe skal vere på golvet samtidig og ha ei felles oppvisning. Alle lag må difor sy saman eit program innanfor eit tema der turnarane framleis skal vise kva dei kan gjennom turn, tumbling, apparatturn, dans etc.

Kor lang tid ein får til rådigheit for si oppvisning, kjem an på kor mange turnarar laget stiller med. Dette vil vi kome tilbake til når ein ser kor mange påmelde det blir frå kvart lag.

Døme på tema: Løvenes Konge, Frost, Cowboy, Indianar, Hawaii-tema, Cats, 80-tals-tema, Disco, Blues Brothers etc etc. Det er kun fantasien som set grenser. De kan velgje av det vi har lista opp her, eller finne på sjølv. Ta kontakt med Stryn Turn dersom de treng hjelp til dette.

Stryn Turn har valgt å vere piratar/sjørøvarar.

For å kunne planlegge best muleg treng vi ei foreløpig påmelding frå gruppene. Ver venleg å fylle ut vedlagde skjema og returnere til oss innan 1. nov. 2019 til e-post: [lana@flx1.no](mailto:lana@flx1.no)  
Kontaktperson: Lena Sandbakk Kjøsnes, tlf 901 56 525.

Vi vil også legge ut løpande informasjon på vår heimeside: [www.barneturnstemne.no](http://www.barneturnstemne.no) og på vår facebookside: Stryn BTS 2020

Vi ser fram til dykkar påmelding og til å sjå dykk i Stryn på BTS 2020.

Sportsleg helsing  
Stryn Turn